
Fra: Bjørn Rune Kvinge <post@brkvinge.no>
Sendt: mandag 22. januar 2018 10:34
Til: Postmottak Lindås
Kopi: 'Arne Hosøy'
Emne: Søknad om løyve til tiltak- 1263-11/135
Vedlegg: A1 - Soeknad+om+tillatelse+i+ett+trinn_1263_11_135.pdf

Hei

Vedlagt søknad om tiltak på gnr. 11 bnr. 135, Småbåthavn ved Hosøyvegen, tiltakshavar Stranda Båtforening.

Grunneigar er Lindås kommune-vegvedlikehald, tiltaket er avklara med etaten sjå vedlegg I1.

Bergen og omland havnevesen har gitt løyve til tiltaket på vilkår, kopi av vedtak i vedlegg I2. Eit av vilkåra er at saka skal til høyring i Fiskeridirektoratet i samband med handsaming av søknaden i kommunen. Det er registrert fiskeriinteresser (gyteområde torsk). På telefon opplyser sakshandsamar i BOH Silje Eide at dette forhold er registrert på nettsida «kystinfo.no» der Austfjorden frå Sævråsvågen og inn til Nesbø er markert som «Gytefelt torsk» Markering av gytefeltet som i kart er vist heilt inn til land kan være av overordna karakter der områder på grunt vatn ikkje er aktuell som gyteplass. Største djupne der det omsøkte tiltaket skal plasserast er 20 meter.

Dersom det i dette området er gytefelt for torsk ser vi at forholdet skulle vært avklara med Fiskeridirektoratet ved handsaming av reguleringsplanen. Dette er ikkje gjort og vi antar at det har bakgrunn i at det ikkje er gytefelt for torsk der det omsøkte tiltaket skal plasserast. Vi vonar dette forhold kan få ei rask avklaring med Fiskeridirektoratet og at søknaden kan handsamast så snart som mogleg.

Helsing
Bjørn Rune Kvinge
Mobil 456 03 190



Virusfri. www.avg.com